



MØTEINNKALLING

Levekårsutvalet

Møtestad: Hareid rådhus	Dato: Måndag, 03.12.2012	Tid:14:00
--------------------------------	---------------------------------	------------------

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan verte kalla inn, jr. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt på telefon 70 09 50 00.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Møtesekretariatet kallar inn varamedlemar som må hente lese Brett på Hareid rådhus.

Politiske saker som vert handsama i lukka møte er unnatekne offentleg innsyn og innhaldet er underlagt teieplikt.

Møtet er ope for publikum, med unnatak av saker som vert handsama i lukka møte.

Saksdokumenta i original og avskrift er lagt ut til offentleg innsyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 27.11.12 og til møtet vert halde.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 88/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 89/12	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referatsaker	
RS 35/12	Utleige av Hareidhallen frå 01012013	2012/994
	Politiske saker	
PS 90/12	Søknad om spelemidlar for 2013 - godkjenning og prioritering	2012/1444
PS 91/12	Hareid sjukeheim - bruk av plassar	2012/1781
PS 92/12	Dagsenter for eldre - endringar og utvikling	2012/1805
PS 93/12	Handlingsprogam 2013 - 2016	2012/1775

Hareid, 27.11.2012

Ottar Røyset
utvalsleiar

Reidun Auflem Vik
utvalsekretær

Politiske saker

Politiske saker

PS 89/12 Godkjenning av protokoll førre møte

Referatsaker

Referatsaker



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/994	Løpenr. 10997/2012	Klassering D11
Sakshandsamar:	Oddbjørn Grimstad, Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	

Utvalsaksnr Utval
35/12 Levekårsutvalet

Møtedato
03.12.2012

UTLEIGE AV HAREIDHALLEN FRÅ 01.02.2013

/ 2012/994

Referatsak

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	SV: VS: Treningstider i Hareidhallen	25.10.2012
2	Melding om vedtak: Treningstider i Hareidhallen skuleåret 2012-2013	13.09.2012

LKU gjorde fylgjande vedtak i sak *PS 65/12 Treningstider i Hareidhallen skuleåret 2012-2013*, pkt 2, på bakgrunn av brev lagt fram i møte frå Ulstein kommune:

Vedtak:

1. Treningstider for Hareidhallen vert for skuleåret 2012-2013 fordelte som vedlegg 7 syner. Ledige treningstider i Hareidhallen vert fordelt administrativt.

2. LKU bed administrasjonen prøve å legge til rette så langt som råd er for at UBC får leige hallen frå 1.2.2013.

Administrasjonen sende brev til Hareid IL med informasjon om behovet meldt frå Ulstein kommune i brev datert 31.august, og lagt fram for LKU i samband med saka om treningstider i Hareidhallen for 2012-2013.

Svaret som Hareid IL v/styreleiar sende ligg ved.

På bakgrunn av dette svaret ser administrasjonen små muligheter for ledig treningstid på kveldstid i Hareidhallen som kan nyttast av UBC frå februar 2013. Om det skulle vere andre ledige treningstider, kan desse leigast ut til UBC administrativt.

Hareid, 26.11.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Oddbjørn Grimstad
Kommunalsjef kultur

Hei

Det er Levekårsutvalet som tildeler treningstid i Hareidhallen, skulane er rektorane sitt ansvar. LKU prøver å tildele alle som søker om treningstid, og praksis har dei siste åra vore å prøve å etterkomme desse ynskja. Til fleire grupper som melder si interesse, til fleire er det om dei same treningstidene. Rådmannen si innstilling skal baserast på at alle innbyggjarar i kommunen skal ha tilgang til å nytte Hareidhallen, om dei er organiserte i lag og foreiningar har tidlegare ikkje vore ein forutsetnad.

Hareid kommune ser også behovet for meir treningsareal, men i dagens økonomiske situasjon er det ikkje grunnlag for ein nytt forestående utbygging frå kommunen si side.

Difor må ein prøve å nytte dei areal som ein har på beste måte.

LKU ser det ikkje slik at uorganiserte fortrengrer dei organiserte, LKU vurderte saka slik at alle burde få tilgang på treningsareal.

Når det gjeld sknad om å få treningstid på laurdagar, så bed eg om at Hareid IL spesifiserer kva tid de vil ha på laurdagar. Den tildelinga kan skje administrativt.

Sknaden og korrespondansen og avgjerda vert då lagt fram for LKU som referatsak til orientering.

Mvh

Oddbjørn Grimstad - Kommunalsjef
www.hareid.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Hans Gisle Holstad [<mailto:hansgisle@hotmail.com>]

Sendt: 25. oktober 2012 09:22

Til: Oddbjørn Grimstad; gs@hareidgroup.com; linda.riise@tussa.com; epedersen@hotmail.com; mvteigene@hotmail.com; ottar44@hotmail.com; odd.arve.riise@orsta.com; Vidar Vollsøter; finvik.r@online.no; bjorg.hatloy.andersen@gmail.com; olav.sindre.riise@smp.no; j-aaggje@online.no; hansgisle@hotmail.com; am@firstprocess.no; arne.aschehoug@mimer.no; Alice Strømmegjerde

Emne: RE: VS: Treningstider i Hareidhallen

Treningstider i Hareidhallen

Hovudstyret i Hareid Idrettslag drifta/fordelte treningstider i hallen for sitt vedkomande tysdag 23.11.,- etter grovtildeling frå Lvevekårsutvalet.

Det var ei svært vanskeleg sak, fordi det i utgangspunktet var for lite samla tid i forhold til den mengde aktivitet laget har spesielt for barn og unge. Ei revitalisering av handballgruppa med retning mot barn, trykte på i hallen. Handball er hallidrett og treng stor sal.

Under møtet vart det reist fleire spørsmål. M.a. kvifor uorganiserte grupper skal fortrenge organiserte grupper i hallen. Folkeleg vart det spurt slik:

Kan kven som helst i kommunen verte samde om at, "no skal vi spele volleyball", "no skal vi trimme litt", "no vil vi spele basketball" no skal vi trimme fotball", -og så få tildelt treningstid i hallen,-medan organiserte grupper som trenar mot bestemte mål, ikkje får tid nok. ?

Kan slike små grupper trene i ein av dei 4 gymsalane vi har i kommunen.? Er tildelinga i Hareidhallen koordinert med treningstid i gymsalane ved skulane? Kan vaksne små trimgrupper (med sertifikat) ,trenе i andre salar ?

Når dette er sagt, er HIL glade og takksame for dei tidene laget har fått tildelt. Og vi reknar med å nytte dei ut maksimalt.

--

Underskrivne ,som leiar, vart dessutan beden om å ta kontakt med administrasjon/levekårsutval med spørsmål om treningstider også på laurdagane, ev deler av laurdagen, -og etter sknad få lengre treningstida måndagane til 2230, mot oppgitt vaksen ansvarleg person som garanterer låsing og sløkking.
Dette er med dette gjort.

Med bakgrunn i dette, er igrunnen svar gitt.

-hgh-

> From: oddbjorn.grimstad@hareid.kommune.no
> To: hansgisle@hotmail.com; andreas.moldskred@firstprocess.no
> CC: annika.brandal@ulstein.kommune.no
> Date: Thu, 25 Oct 2012 08:53:03 +0200

> Subject: VS: Treningstider i Hareidhallen
>
>
> Hareid IL
>
> v/leiar Hans Gisle Holstad
>
>
>
> Viser til sak om treningstider i Hareidhallen, sak PS 65/12 handsama i
> møte i LKU tysdag den 4. september 2012.10.25
>
> Under denne saka vart det lagt fram eit ynskje frå Ulstein kommune
> v/Annika Brandal om å leige treningstid i Hareidhallen etter 1.
> februar 2013.
>
> LKU gjorde vedtak i saka, som vist under.
>
> Hareid kommune ber om at Hareid IL vurderer mulighetene for å
> frigjere treningstid for å imøtekome Ulstein kommune sitt ynskje,
> framsett
>
> I mail som vist under.
>
>
>
> Protokoll frå handsaming av sak PS 65/12 i Levekårsutvalet i Hareid:
>
>
>
> PS 65/12 Treningstider i Hareidhallen skuleåret 2012-2013
>
> Levekårsutvalet si handsaming:
>
> Utvalsleiar Ottar Røyset, H, bad LKU vurdere om han er gild i saka,
> dette grunna at han
>
> er fotballformann, han gjekk frå møtet.
>
> Ingunn Pettersen, FL, tok over leiinga av møtet.
>
> LKU stemte over habilitetsspørsmålet, Ottar Røyset vart samrøystes
> kjent gild i saka.
>
> Ottar Røyset kom til møtet og tok over leiinga.
>
> Kommunalsjef Oddbjørn Grimstad orienterte i saka.
>
> Kopi av e-post frå Ulstein kommune v/ kulturkontoret, datert 31.08.12
> vart lagt fram i
>
> møtet. Saka gjeld leige av Hareidhallen til kampbane for basketball.
> Dette grunna at
>
> Ulsteinhallen vert stengt frå 1.2.2013.
>
> Utvalsleiar Ottar Røyset, H, la fram fylgjande forslag til eit punkt 2
> i vedtaket;
>
> LKU bed administrasjonen prøve å legge til rette så langt som råd er
> for at UBC får
>
> leige hallen frå 1.2.2013.
>
> LKU røysta først over punkt 1 - tilrådinga frå rådmannen,
>

> vore fint om vi kunne ha ein dialog p  dette framover, ogs  med tanke
> p  at Ulsteinhallen no vert stengt fr  1. februar 2013 og i eit  rs
> tid. Det er muleg at kampkorgene i Ulsteinhallen d  kan nyttast i
> Hareidhallen?!

>
>
>
>
>
>
> H yrer fr  deg ?

>
>
>
>
> Venleg helsing
> Annika Brandal | Kulturkonsulent

>
> [Beskrivelse:
> http://www.ulstein.kommune.no/sj borg_bannerlogo.jpg]<http://www.sjoberg.no/>>

>
> Ulstein kommune | R dhuset | 6065 Ulsteinvik Tlf. 700 17 500 | Tlf.
> dir. 70017708 | Mobil 48959535
> www.ulstein.kommune.no<<http://www.ulstein.kommune.no>>

> Denne e-posten er skanna for virus av Symantec Email Security.cloud
> service for Ulstein kommune

>
>
> —

> Denne e-posten er skanna for virus av Symantec Email Security.cloud for
> Hareid kommune.



MELDING OM VEDTAK

frå

møte i LKU

Saksnr 2012/994	Løpenr. 8358/2012	Klassering D11	Avd / sakshandsamar SNKS/ ODG	Dato 13.9.2012
--------------------	----------------------	-------------------	----------------------------------	-------------------

PS 65/12 Treningstider i Hareidhallen skuleåret 2012-2013

Levekårsutvalet si handsaming:

Utvalseiar Ottar Røyset, H, bad LKU vurdere om han er gild i saka, dette grunna at han er fotballformann, han gjekk frå møtet.

Ingunn Pettersen, FL, tok over leiinga av møtet.

LKU stemte over habilitetsspørsmålet, Ottar Røyset vart samrøystes kjent gild i saka.

Ottar Røyset kom til møtet og tok over leiinga.

Kommunalsjef Oddbjørn Grimstad orienterte i saka.

Kopi av e-post frå Ulstein kommune v/ kulturkontoret, datert 31.08.12 vart lagt fram i møtet. Saka gjeld leige av Hareidhallen til kampbane for basketball. Dette grunna at Ulsteinhallen vert stengt frå 1.2.2013.

Utvalseiar Ottar Røyset, H, la fram fylgjande forslag til eit punkt 2 i vedtaket; LKU bed administrasjonen prøve å legge til rette så langt som råd er for at UBC får leige hallen frå 1.2.2013.

LKU røysta først over punkt 1 – tilrådinga frå rådmannen, Deretter over framlegget, pkt 2 frå utvalseiar Ottar Røyset, H.

Røysting:

Samrøystes pkt 1. tilrådinga frå rådmannen

3 røyster for, 2 røyster mot pkt 2. og vart vedteke.

Vedtak:

1. Treningstider for Hareidhallen vert for skuleåret 2012-2013 fordelt som vedlegg 7 syner. Ledige treningstider i Hareidhallen vert fordelt administrativt.

2. LKU bed administrasjonen prøve å legge til rette så langt som råd er for at UBC får leige hallen frå 1.2.2013.



Hareid, 13.09.2012

Rett utskrift:

Reidun Auflem Vik
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering



Politiske saker

Politiske saker



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1444	Løpenr. 9983/2012	Klassering D11
Sakshandsamar:	Oddbjørn Grimstad, Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/12	Levekårsutvalet	03.12.2012
197/12	Formannskapet	04.12.2012
	Kommunestyret	20.12.2012

SØKNAD OM SPELEMIDLAR FOR 2013 - GODKJENNING OG PRIORITERING

/ 2012/1444

Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommunestyre vedtek slik prioritering av søknadane om spelemidlar for 2013:

- A. Ordinære anlegg
 - 1. Lagerbygg Hareid stadion
 - 2. Sunnmøre Golfklubb driving range
- B. Ingen søknader til nærmiljøanlegg eller mindre kostnadskrevjande anlegg.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Uttale frå Hareid idrettsråd om prioritering av søknadar spelemidlar 2013	27.11.2012
2	image001	27.11.2012

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2015 ligg på heimesida til kommunen; www.hareid.kommune.no under
-Planar og utvikling
-Idrett, fysisk aktivitet
-i høgremargen ligg planen

Samandrag av saka:

Viser til Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2015, vedteken i kommunestyremøte 17. november 2011. Dei søknadane som ligg føre er inne på Handlingsprogrammet i kommunedelplanen, slik føreskriftene krev for å få godkjent søknad om spelemidlar.

Saksopplysningar:

Søknadane skal prioriterast i to kategoriar;
1. Ordinære anlegg (inkludert rehabilitering av anlegg)
2. Nærmiljøanlegg (utandørs anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, i hovudsak knytt til bu- eller opphaldsområde)

Frist for innsending av søknader vart sett til 15.oktober 2012, annonsert i lokalavisa 6.september 2012. Søknadane skal leverast elektronisk på nettstaden www.idrettsanlegg.no

Innan fristen i oktober var det ikkje kome inn nye søknader.

Fristen for vidaresending til Kulturavdelinga i fylkeskommunen er 15. januar 2013. Før den tid skal søknadane vere godkjende og prioriterte av kommunen.

Administrasjonens framlegg til prioritering bygger på kommunestyret si prioritering i desembermøtet 2012:

Ordinære anlegg:

Søkjar	Type anlegg	Merknad
1.Hareid kommune	Lagerbygg Hareid stadion	4. gongs søknad
2.Sunnmøre Golfklubb	Driving range	4. gongs søknad

Av dei søknadane som vart sendt inn for 2012, fekk Hareid kommune tildelt kr 600.000 til rehabilitering av golvet i Hareidhallen.

Vurdering og konklusjon:

Det er Hareid kommunestyre som skal prioritere endeleg, og kommunestyrets prioritering har synt seg å vere viktig. Som tidlegare år er Hareid Idrettsråd

høyringsinstans, og deira prioritering ligg i vedlegg 1, og er identisk med rådmannen si innstilling.

Der er ingen søknader i kategorien nærmiljøanlegg eller i kategorien mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (anlegg som har ei godkjend kostnadsramme inntil kr 80.000 inkl mva, med spelemiddeltilskot på inntil 50% av godkjend kostnad) Dei to søknadane som ligg føre, er godkjende av fylket i tidlegare søknadsrunder, så dei vert fornya.

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande prioritering av søknader om spelemidlar for 2013:

Ordinære anlegg:

- 1.Lagerbygg Hareid stadion
- 2.Sunnmøre Golfklubb driving range

Folkehelse konsekvensar: Positive

Miljøkonsekvensar: -

Økonomiske konsekvensar: -

Beredskapsmessige konsekvensar: -

Hareid, 31.10.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Oddbjørn Grimstad
Kommunalsjef

Prioritering for spelemidler 2013

Viser til brev datert 31.oktober 2012 fra Hareid kommune til Hareid Idrettsråd prioritering for spelemidler 2013.

Hareid Idrettsråd har i styremøte mandag 12. november 2012 gjort slik vedtak:

Styret sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå administrasjonen:

A. Ordinære anlegg

1. Lagerbygg Hareid stadion
2. Sunnmøre Golfklubb driving rang

B. Ingen søknader til nærmiljø eller mindre kostnadskrevjande anlegg

Med vennleg helsing

Hareid Idrettsråd

Olav Sindre Rise
Sekretær

Fra: Oddbjørn Grimstad [oddbjorn.grimstad@hareid.kommune.no]

Sendt: 31. oktober 2012 13:33

To: Vidar Vollsæter; 'Vidar Vollsæter'; Vidar Vollsæter; Olav Sindre Rise

Emne: Uttale frå Hareid idrettsråd om prioritering av søknadar spelemidler 2013

Til Hareid idrettsråd

Ein bed om uttale til Hareid kommune si prioritering av søknader om spelemidler for 2013, **innan 20. november 2012..**

Det er ikkje registrert nye søknader for 2013, verken på ordinære anlegg eller for nærmiljøanlegg. Difor går administrasjonen inn for å halde på den prioriteringa som Hareid kommunestyre gjorde i møte i desember 2011:

Vedtak:

Kommunestyret vedtek slik prioritering av søknadane om spelemidler for 2012:

A. Ordinære anlegg

- 1. Hareidhallen rehabilitering golv*
- 2. Lagerbygg Hareid stadion*
- 3. Sunnmøre Golfklubb driving range*

B. Ingen søknader til nærmiljøanlegg eller mindre kostnadskrevjande anlegg

Av søknadane for 2012 tildelte Møre og Romsdal fylkeskommune kr 600.000 til Hareidhallen -rehabilitering av golvet.

På denne bakgrunn rykker dei to andre søknadane opp for 2013.

Administrasjonen innstiller då på fylgjande prioritering for spelemidler 2013:

A. Ordinære anlegg

1. Lagerbygg Hareid stadion
2. Sunnmøre Golfklubb driving range

B. Ingen søknader til nærmiljø eller mindre kostnadskrevjande anlegg

Med vennleg helsing

Oddbjørn Grimstad | Kommunalsjef

Kultur

Telefon: 70095032

Mobil: 90606651



www.hareid.kommune.no

Denne e-posten er skanna for virus av Symantec Email Security.cloud for Hareid kommune.



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1781	Løpenr. 10706/2012	Klassering H12
Sakshandsamar:	Ottar Grimstad, Sektor for velferd	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/12	Eldrerådet	05.12.2012
91/12	Levekårsutvalet	03.12.2012
195/12	Formannskapet	04.12.2012
	Kommunestyret	20.12.2012

HAREID SJUKEHEIM - BRUK AV Plassar

/ 2012/1781

Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommunestyre tar til vitande at det ikkje er mogleg å gjennomføre reduksjonen på sjukeheimplassar frå 49 til 41 slik kommunestyret vedtok i sak 21/12.

Kommunestyret ber om at ein greier ut ei eventuell omlegging frå sjukeheim til bukollektiv/bufellesskap.

Kommunestyret ønskjer at ein framleis skal ha som målsetting å tilby einarom til dei som får fast plass ved sjukeheimen. Bruk av dobbeltrom ved fast plass kan berre skje etter ønske frå pasientar sjølve.

For pasientar på korttidsplass kan det nyttast dobbeltrom når faglege og ressursmessige vurderingar er lagt til grunn.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	

Samandrag av saka:

Hareid kommunestyre har vedteke å redusere talet på sjukeheims plassar. Saka inneheld ei drøfting av årsaker til at dette enda ikkje er gjort. Saka omhandlar også om ein kan få innsparring ved å bruke meir dobbeltrom ved sjukeheimen.

Saksopplysningar:

I Omsorgsplan 2015, vedteken av Hareid kommunestyre 15/12 2011 i sak 124/11, heiter det:

«Fram til mot midten av 2020-talet vil dagens bygningsmasse kunne matche behovet for institusjonsplassar med mindre bygningsmessige justeringar, men vi må auke talet på korttidsplassar og fokusere på rett bruk av dei både for å møte omsorgsreforma (ferdigbehandla pasientar) og for meir tilpassa og målretta teneste. Men dette føreset at heimebasert omsorg vert reelt styrka med i første omgang ei natteneste. Innanfor ei 4 års periode må ein nok også bygge bufellesskap/bustadar med heildøgns omsorg for å minske presset på institusjonsplassane.»

I same kommunestyremøte vart budsjettrammene for omsorgstenestene redusert med 4,3 million.

Kommunestyret vedtok 26/3 2012 i sak 21/12

«Hareid kommunestyre vedtek å redusere antal sjukeheims plassar frå 49 til 41. Dette skal gjerast så raskt som mogleg samtidig som heimetenestene gradvis får tilført inntil 1,5 stillingsheimlar frå sjukeheimen. Formannskapet får mynde til å auke denne overføringa med endå 1 stillingsheimel ved behov. Når avheimling av 8 plassar er gjennomført, skal det vurderast å opne for bukollektiv. Det skal snarast settast i gang prosjektering med finansieringsplan med mål å omgjere eksisterande omsorgsbustader i tredje etasje ved Hadartun til heildøgns omsorg. Resultatet må fremjast som politisk sak. Sektor for helse og omsorg må i tillegg sjå på andre måtar å redusere utgiftene på.»

Bruken av korttidsplassar er auka. Ein har oppretta ein plass for øyeblikkelig hjelp (og får 1 080 000 årleg i tilskot til det). Ein har tatt imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset frå første dag. Mange av desse har hatt behov for korttidsopphald ved sjukeheimen for rehabilitering og klarlegging av omsorgsbehov vidare. Om lag 720 000 i rammetilskotet for 2012 var grunnlagt med betaling for utskrivingsklare pasientar.

Det er blitt oppretta stillingar i heimesjukepleien som har gitt grunnlag for innføring av natteneste.

Det er gjennomført ein omorganiseringsprosess ved sjukeheimen der buavdeling Sør er blitt administrativt slått saman med korttidsavdelinga. Målsettinga med dette har vore at ein gradvis skulle få frigitt plassar ved buavdeling Sør i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Det har ikkje lukkast å frigjere plassar. Per dags dato er det 45 pasientar med vedtak om fast sjukeheims plass, 2 pasientar har korttidsvedtak men truleg behov for fast plass. I tillegg til øyeblikkelig hjelp plassen, er det da berre ein plass til disposisjon for korttidsopphald.

Pasientar som har vedtak om fast plass, kan ikkje utskrivast mot si vilje med mindre det er ei medisinsk grunngeving for utskrivninga (§4-11 i Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie). Ein er derfor avhengig av naturleg avgang ved dødsfall, for å frigi plassar, med mindre ein kan etablere andre tilbod som pasienten kan akseptere. Der har hittil i 2012 vore 12 dødsfall hos pasientar med fast plass. Sjølv om ein har hatt mykje strengare kriterier for tildeling av fast plass i 2012 samanlikna med tidlegare år, har kravet om å yte forsvarleg helsehjelp gjort det heilt naudsynt å innvilge søknader om fast plass som då har fylt opp desse plassane. Ein har ved fleire høve gitt avslag på ønske om fast plass for pasientar sjølv om dei ville fått eit betre liv med det. Forutsetninga for dette har vore at det har vore mogleg å gi eit forsvarleg tilbod i heimen. Ein har også vore nøydd til å gi mindre tilbod til korttidsopphald for heimebuande der pasienten har hatt behov for det, eller pårørande stort behov for avlastning.

Det ser ikkje ut til å vere mogleg å gjennomføre kommunestyrevedtaket om reduksjon av plassar, og samtidig ivareta lova sitt krav om å gi forsvarleg helsehjelp.

Ein er da komen i ein situasjon der den gjennomførte omorganiseringa ikkje gir god og rasjonell drift. Den store avstanden mellom buavdeling Sør og korttidsavdelinga gjer det vanskeleg å få det til å fungere som ei god heilskapeleg avdeling og fører til auka belastning på personalet. Ein har derfor vurdert å flytte pasientane frå buavdeling Sør over til Korttidsavdelinga. Dette vil måtte innebære at 16-17 av dei 24 pasientane må bo på dobbeltrom. Ein vil ved dette kunne oppnå meir rasjonell drift. Ein vil vere mindre sårbare ved sjukmeldingar og andre fråver slik at ein kan redusere innleige av ekstrahjelp. Kanskje ein vil kunne redusere bemanninga med ½ stilling. Det er vanskeleg å anslå den økonomiske gevinsten ved eit slikt tiltak, men den ligg truleg i storleik 300 000 kroner på årsbasis.

Ein må rekne med at eit slikt tiltak vil vekke motstand hos pasientar og pårørande.

Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene § 3 seier mellom anna at kommunen skal utarbeide skriftlege prosedyrer som søker å sikre at brukarane får dekt grunnleggande behov, mellom anna tilbod om eige rom ved langtidsopphald. Forskrift om ei verdig eldreomsorg (verdighetsgarantien) seier i §3 at tenestetilbodet skal legge til rette for å ivareta grunnleggande behov og tilby eldre som bor på helseinstitusjon einarom. Fylkeslegen har tolka dette som intensjonar og ikkje lovpålagte krav. Han oppfatter det ikkje som ein individuell rett til einarom, men at ein ikkje kan nytte dobbeltrom der dette er klart fagleg uforsvarleg. Det vil såleis vere lovleg å gjennomføre ei slik omlegging.

Det er stor pågang etter omsorgsleiligheiter. Det er for tida ingen ledige leiligheiter. Vi har fleire søkarar der ein ved å kunne tildele omsorgsleiligheit, ville kunne utsette eller kanskje hindre eit sjukeheimsbehov. Vi mangler såleis ein vesentleg brikke for å kunne halde nede sjukeheimsbehovet.

Prosjekteringa av ombygging av bustader i 3. etasje til bufellesskap er ikkje kome i gang på grunn av kapasitetsmangel i avdeling for kommunale bygg. Det er likevel slik at ei slik ombygging truleg ikkje vil auke, men heller redusere kapasiteten på omsorgsbustader, da ein må omgjere ei leilighet til fellesareal for å få det godkjent som bufellesskap.

I ein del nabokommuner har ein gjennomført ei omlegging frå sjukeheimsplassar til bukollektiv mens pasientar med fast plass framleis har bodd der. Dette har da skjedd delvis som ei frivillig ordning og delvis som ein gradvis prosess. Dette er eit alternativ som bør greiast ut nærare. Bukollektiv krev som regel same bemanning som ved sjukeheim. Bebuarane betaler for seg som i omsorgsbustadar og kan blant anna søkje om bustøtte .

Vurdering og konklusjon:

Det synes ikkje mogleg å gjennomføre kommunestyrevedtaket om først å redusere sjukeheimsplassar, og seinare å vurdere oppretting av bukollektiv i noverande sjukheimsbygning. Ein bør i staden greie ut om ei slik omlegging kan skje gradvis mens plassane fortsatt er i bruk.

Innsparinga ved å bruke dobbeltrom for å sleppe å ha pasientar på buavdeling Sør, er for lita til å rettferdiggjere det brotet på verdighetsgarantien som det vil innebære, og den reduserte kvaliteten det vil gi for dei som må ligge på dobbeltrom mot sin vilje. Det vil likevel vere behov for å kunne nytte dobbeltrom til pasientar på korttidsopphald . Dobbeltrom for langtids plassar bør kun skje viss nokon har ønske om det . Ein ser ikkje slik bruk av dobbeltrom som eit brot på verdighetsgarantien.

Folkehelse konsekvensar:

Høg terskel for helse- og omsorgsteneste i sjukeheim fører til at dei som opplever sviktande helse vert utrygge på om dei får naudsynt helsehjelp og med det opplevelse av uverdige alderdom.

Stor fysisk og psykisk arbeidsbelastning for personalet fører til auke i sjukefråver og ikkje meistring av arbeid.

Økonomiske konsekvensar:

Hareid, 20.11.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Elly Kirkeslett
Kommunalsjef



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1805	Løpenr. 10981/2012	Klassering F07
Sakshandsamar:	Elly Kirkeslett, Sektor for velferd	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/12	Levekårsutvalet	03.12.2012
194/12	Formannskapet	04.12.2012
20/12	Eldrerådet	05.12.2012
	Kommunestyret	20.12.2012

DAGSENTER FOR ELDRE - ENDRINGAR OG UTVIKLING

/ 2012/1805

Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommunestyre ser positivt på at dagsenter for eldre vert vidareutvikla ved å legge meir vekt på førebyggjande tiltak for heimebuande eldre. Dette inneber auka tilbod på fysiske, sosiale og kulturelle aktivitetar.

Vedtak om plass ved dagsenter vert frå 2013 gjort i medhald av Helse- og omsorgstenestelova §3.3.

Pris for deltaking ved dagsenteret vert frå 2013 kr 145 pr dag. Dette inkluderar dagsenteropphald, transport, middag og kaffe.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Samandrag av saka:

Det er behov for å endre tilbodet ved dagsenteret på Hadartun til meir aktivitet som førebyggjande tiltak for heimebuande eldre.

Det må arbeidast for at bebuarane ved sjukeheimen får tilpassa aktivitet enten i avdelinga si gruppe eller ved eigne tiltak. Målet er at dagsenteret i framtida kan tilby ulike aktivitetar ut frå behovet til heimebuande eldre. Dette for å nå flest mogleg.

For å kunne tilpasse aktiviteten betre, er det behov for å auke inntektene til kostpris. Ein ynskjer og å prøve ut at sektoren i stor grad sørgjer for transportteneste. Dette vil gi ei innsparing viss vi får det til å fungere.

Pris for dagsenteropphald vert foreslått til kr 145, - pr dag.

Saksopplysningar:

Det er stort behov for at dagsenteret for eldre vert vidareutvikla for å imøtekomme samfunnsutviklinga med fleire eldre og fleire eldre som ikkje kjem seg ut på eiga hand. Mange eldre søker omsorgsbustad fordi dei opplever mangel på sosial kontakt og aktivitet i kvardagen.

Som ledd i eit større fokus på førebyggjande og helsefremjande tiltak også for eldre, ynskjer sektor for velferd å vidareutvikle dagsentertilbodet.

Bebuarane ved sjukeheimen er i dag langt sjukare enn det dei var tidlegare. Vi ser det er ei stor utfordring å finne aktivitetar som passar til alle. Eldre har svært ulik helse og funksjonsnivå og sektor for velferd ynskjer å tilpasse dette betre enn det som har vore til no.

Ansvar for dagsenteret er frå 01.07.2012, lagt til Helse og koordinerande eining. Eininga har eit særleg ansvar for førebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande tiltak og folkehelsearbeid.

Eininga har stor fagleg breidde og det er viktig å spele på dette. Det er eit mål om utvida samarbeid med frivillege personar og organisasjonar om både aktivitetar på dagsenter og folkehelsearbeid.

Dagsenteret har til no vore ope fire dagar i veka fire timar. Pga den stramme økonomiske stoda, kan det verte aktuelt å ha ope berre tre dagar i veka. Ein ser på om det er betre å ha eit godt tilbod tre dagar, og utvide til 5 timar. På sikt bør det verte høve til 6 timar. Med utvida dagar må det leggast til rette for høve til ei kvilestund for dei som ynskjer det. Pr i dag er det mangel på kvilestolar og eigna «stillerom».

Tildeling og vedtak ved dagsenteret på Hadartun har til no vore heimla i «Forskrift for sykehjem og heildøgns omsorg og pleie». Den formelle namnet har vore «dagopphald» og betalingssats har såleis vore bestemt sentralt. I 2012 har satsane vore 70 kr pr dag. Tilbod om dagopphald må kommuna fortsatt ha, men då til personar som treng eit høgare omsorgsnivå enn dagsenter. Det må då vurderast om opphaldet må skje ved ei av einingane i sjukeheimen eller ved å endre organisering av tiltaket.

I kontakt med ein del andre kommunar, får vi oppgitt at tilbod om dagsenterplass kostar frå kr 136 til kr 168. Dette inkludert transport, opphald, middag og kaffe. Hareid kommune har pr i dag brukt drosje for transport av dagsenterpasientar, utgifter til dette for 2012 vil komme opp mot kr 150 000.

Sektor for velferd har tenestebilar og ynskjer å prøve ut ei ordning der tilsette ved dagsenteret syter for transport så langt råd er, då dette vil verte billegare for kommuna. Ein ser at det også kan verte større fleksibilitet for brukar. Det er naudsynt å fortsatt nytte drosje for nokre brukarar.

Vurdering og konklusjon:

Dagsenteret ved Hadartun er eit viktig førebyggjande tiltak for heimebuande eldre. Helse og omsorgenestene for eldre kan ikkje sjåast isolert. Når eldre personar etter kvart ynskjer bistand må tenestene byggjast og setjast saman etter individuelle behov. Dagsenter er ofte det første tiltaket som er aktuelt. Ofte i kombinasjon med praktisk bistand i heimen. Administrativ einig for praktisk bistand, er heimetenestene. Større satsing på hjelp til sjølvhjelp (kvardagsrehabilitering) vert viktig for at flest mogleg kan bu heime så lenge dei ynskjer. Tilsette med kompetanse på aktivitet i kvardagen er viktig ressursar i dette arbeidet. Dagsenter er ein arena for å opprette kontakt med heimebuande og tilby bistand for å legge til rette for at heimen skal verte best mogleg for kvar einskild.

Det er fleire tilnærmingar til korleis ein løyser betalingsssatsen. Det kan vere ein fast sum for mat og opphald på kr 125 (middag kr 75 og opphald kr 50) og transport kr 50 for dei som ynskjer det.

Ei oppsplitting vil imidlertid gje auka administrative kostnader. Det same gjeld viss ein skal betale berre når ein møter opp. Rådmannen tilrår difor ein fast sum på kr 145 pr dag. Betalinga er bindande sjølv om ein frå tid til anna ikkje møter. Brukar må sjølv seie opp innvilga plass eller redusere antal dagar i veka.

Viss kommuna hadde ein heimevaktmeister, ville det vere naturleg at ei av arbeidsoppgåvene var transport av brukarar til og frå dagsenteret. Sidan Hareid kommune ikkje har denne ordninga og tilsette ved dagsenteret ynskjer å prøve ut at eiga transportteneste, er det ønskeleg å sette i verk dette frå 2013. Det vert nytta kommunal tenestebil.

Ut frå ei samla vurdering og erfaringar frå andre kommunar, ser ein det som føremålsteneleg at dagsenteret ved Hadartun vert frå 2013 omgjort frå «dagopphald» etter forskrift om institusjon til Dagsenter for eldre etter Helse- og omsorgenestelova§3.3.

Folkehelse konsekvensar:

Eit betre tilbod om aktivitet og sosiale tiltak for heimebuande eldre, vil gi ein betre folkehelse for denne gruppa, i form av trivsel og verdigheit.

Økonomiske konsekvensar:

Dagsenteret vil i større grad kunne drivast til sjølvkost. Det vil kunne vert lettare å kjøpe inn materiell til aktivitetar og gjennomføre turar i nærmiljøet.

Hareid, 26.11.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Elly Kirkeslett
Kommunalsjef



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1775	Løpenr. 10697/2012	Klassering 124
Sakshandsamar:	Bent Arild Grytten, Rådmannen	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
191/12	Formannskapet	27.11.2012
93/12	Levekårsutvalet	03.12.2012
97/12	Næring og miljøutvalet	03.12.2012
	Kommunestyret	20.12.2012
203/12	Formannskapet	04.12.2012

HANDLINGSPROGRAM 2013 - 2016

/ 2012/1775

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek Handlingprogram 2013 – 2016 slik det ligg føre i uprenta saksvedlegg.

Formannskapet si handsaming:

Utdelt: Budsjett 2013

Forslag om nytt formannskapsmøte den 13.12.2012.

Rådmannen fremja slikt tillegg til tilrådinga:

....med dei endringar og merknader som har kome fram i handsaminga gjennom møtet. Basert på dette vil det verte lagt fram ein ny versjon av Handlingsprogrammet 2013 – 2016 til alle kommunestyrerepresentantar innan neste møte.

Røysting:

Samrøystes

Formannskapet si tilråding frå møte 27.11.2012:

Formannskapet tek til orientering Handlingprogram 2013 – 2016 slik det ligg føre i uprenta saksvedlegg, med dei endringar og merknader som har kome

fram i handsaminga gjennom møtet. Basert på dette vil det verte lagt fram ein ny versjon av Handlingsprogrammet 2013 – 2016 til alle kommunestyrerepresentantar innan neste møte.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Uprenta saksvedlegg:
[Handlingprogram 2013 - 2016](#)

Saksopplysninger:
Rådmannen legg med dette fram forslag til Handlingsprogram 2009-2012 for politisk handsaming.

Hareid, 20.11.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Til Hareid kommune
v/ordfører Anders Riise.

 HAREID KOMMUNE	
Omr. RÅO	Saksh. BAG
28 NOV 2012	
Saks.nr. 2012/1735	Dok.nr.
Løpenr.:	Klass. 124

Kopi
ANL

Nedskjeringar i oppvekstsektoren.

Utdanningsforbundet Hareid handsama på styremøte 27 november ressurs situasjonen i oppvekstsektoren.

Styret ser alvorleg på dei økonomiske utfordringane Hareid kommune står overfor, og vil kome med våre synspunkt i saka.

Undervisningssektoren har sidan 2001 vore ein salderingspost i Hareid kommune, og smertegrensa for kva sektoren toler er overskrida, og fram til i dag har vi mista ca.16 årsverk. I denne perioden har elevtalet gått noko ned, men samstundes har spesialundervisninga auka vesentleg.

Ytterlegare nedskjeringar vil føre til at Hareid kommune bryt §5 i undervisningslova, og dette er ein alvorleg situasjon. Sagt med andre ord: Hareid kommune kan ikkje drive skulane der lov og avtaleverk vert sett til sides.

Ut frå politiske signal så er oppvekstsektoren utpeika til å ta dei økonomiske belastningane med å få kommuneøkonomien på fote igjen. Dette synest vi er heilt urimeleg og ber om at så ikkje skjer under budsjetthandsaminga for 2013.

Hareid 2012-11-27

Utdanningsforbundet Hareid


Bjørn Overå leiar/HTV